

SAK 54/08 INTEGRERINGS-/INKLUDERINGS-PROSJEKT I HALLINGDAL

Saksopplysning

Buskerud fylkeskommune retta i 2008 ein førespurnad til Regionrådet for Hallingdal, der det vart stilt spørsmål ved om det kan vera av interesse å etablere eit "intergrerings-/inkluderings prosjekt" i Hallingdal, syner her til vedlegg 1.

Regionrådet gjorde i sak 47/08 slikt vedtak:

1. *Regionrådet for Hallingdal er positiv til ei vidare drøfting med tanke på etablering av eit "Intergrerings-/inkluderings-prosjekt" i Hallingdal.*
2. *Regionrådet vil vurdere koplingar mot pågåande og planlagde rekrutterings/tilflyttingsprosjekt.*
3. *Ei arbeidsgruppe med rådsordførar, leiar i Rådmannutvalet og dagleg leiar i Regionrådet har ansvar for vidare avklaringar med Buskerud fylkeskommune.*

Noko av utgangspunktet for drøftingane var å sjå dette tiltaket i samanheng med andre pågåande rekrutterings/tilflyttingsprosjekt. Etter avklaringar med Buskerud fylkeskommune er det avklart at prosjektet skal rette seg mot innvandrarak med ikkje vestleg bakgrunn. Etter div. sonderingar bør det absolutt vera grunnlag for å etablere eit Intergrerings-/Inkluderingsprosjekt i Hallingdal, me har ein del å gå på.

Levanger kan det kanskje vera verdt å kikke på:

<http://www.imdi.no/no/Nyheter/2009/Levanger-best-pa-bosetting-og-kvalifisering-av-flyktninger/>

Vedlagt prosjektskisse syner i grove trekk innhald og korleis prosjektet er tenkt organisert og finansiert.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal og Rådmannsuvalet i Hallingdal er positiv til etablering av eit 2-årig "Intergrerings-/inkluderings-prosjekt" i Hallingdal.
2. Ei arbeidsgruppe med følgjande representantarfår i oppgåve å utarbeide ein endeleg prosjektplan for prosjektet.
3. Prosjekteigar.....
Styringsgruppe.....
4. Kommunane sitt bidrag i form av eigeninnsats er totalt kr. 250.000 pr. år.
5. Prosjektet har som målsetting å kunne starte.....

Ål 24.11.2009

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Buskerud fylkeskommune, møtereferat 22.4.2008

Vedlegg 2: Utkast prosjektskisse, ver.3



Buskerud
fylkeskommune
Utviklingsavdelingen

Innkalt av

Kåre Henning, tlf 32 80 87 25

MøtereferatVår dato
22.04.2008Vår referanse
2008/754-1
305

1 av 2

Til stede:

Utviklingsavdelingen Åse Klundelien
Utviklingsavdelingen John Fredrik Wallace
Utviklingsavdelingen Kåre Henning
KS BTV Yngve Carlsson
NAV Buskerud Lene Bakkheim

Kopi (* = forfall):

Formål med møtet Buskerud fylkeskommune har invitert NAV Buskerud og KS BTV til en drøfting for å sondere mulighetene for samarbeid om integrerings- og inkluderingspolitikk i Buskerud fylke.

Møtested Fylkeshuset i Drammen

Møtedato/-tid 22. april kl. 09.00 til 11.00

Referat fra møte samarbeid om integrerings- og inkluderingspolitikken i Buskerud fylke.

Nr.	Sak	Beslutning	Ansvar / frist
1.	Drøfting	<p>Fylkestingets vedtak 02/08 i møte 13.02.08 Pkt 3: "Prosjekteringsmidler med prioriterte satsingsområder og finansieringsplan forelegges fylkestinget i juni".</p> <p>Det ble et møte med drøfting og sondering av mulighetene for samarbeid om integrerings- og inkluderingspolitikk i Buskerud fylke. NAV, KS og fylkeskommunen har ulike innfallsvinkler til medvirkning, økonomisk bidrag og målsetting i sitt arbeid. NAVs målsetting er å få folk i jobb og de kan bidra til praksisplasser og lønnstilskudd. NAV jobber også med motivasjon for å integrere/inkludere.</p> <p>Som utviklingspartner bistår KS kommunene, fylkeskommunen og bedrifter med å skape attraktive arbeidsplasser. KS påtar seg også å delta i større omstillingsprosjekter blant medlemmene. KS alene har ingen midler å bidra med.</p> <p>Fylkeskommunen samarbeider med kommunene om tilrettelegging for å skape bolyst, utvikle kultur- og stedsutviklingstiltak og å få til økt sysselsetting.</p>	

SAK 54-09, VEDLEGG 1

Integrering i Norge er å omgås nordmenn. Arbeidslivet er segregert på den måten at innvandrere har spesielle typer arbeid. Det er særdeles viktig å la innvandrere ta del i de demokratiske prosessene både i arbeids og foreningslivet.

Enkelte kommuner vil i framtiden få store utfordringer med å få knyttet til seg gode, kompetente folk som for eksempel Ingeniører (teknisk etat) og omsorgspersonale. Norge har en ny innvandrergruppe med polakker og litauere som integreringsrapporten muligens ikke har tatt tilstrekkelig høyde for.

KS er spesielt bekymret for Hallingdal hvor nesten ingen ungdommer tar utdanning i helsefag. Hallingdal vil få et problem og vil sannsynligvis måtte ta inn stor grad av innvandrerkvinner i omsorgsyrkene.

Det bør kartlegges for å finne ut om det finnes noen ”hvite flekker” som trenger spesielle tiltak. Enkelte kommuner kan ha behov for særskilte tiltak for integreringsarbeidet. Nedre Eiker kommune kan muligens ha tiltaksbehov. Drammen kommune synes å kunne klare seg selv; innehar stor kompetanse og flere tiltak i gang angående integreringsproblematikken.


Det er viktig med et relativt solid prosjekt. Blir prosjektet for lite og puslete blir det ingen interesse.

- | | | | |
|----|--------------|--|-----|
| 2. | Finansiering | Fylkeskommunen har avsatt en mill. kr. i tiltaksmidler. IMDI har midler til tiltak for integrerings- og inkluderingsarbeide rettet mot kommunene. Det blir derfor riktig og viktig med solid involvering av kommunene. | |
| 3. | Oppfølging | Fylkestingets vedtak tilsier at det bør foreligge en plan i slutten av mai. Planen med prosjekteringsmidler, prioriterte satsingsområder og finansieringsplan bør omhandle et 3-årig prosjekt. | Åse |
- Følgende ramme foreslås:
1 mill kr 2008; 500.000 til prosjektledelse og 500.000 tiltak.
1 mill kr 2009; ” ” ”
1 mill kr 2010; ” ” ”

Arbeidsgruppen (som tidligere har jobbet med rapporten) bør nå tilrettelegge, for å møte enkelte kommuner og høre deres interesse for å utvikle integreringsarbeidet.

I første omgang foreslås samtale med regionrådet i Hallingdal.

Kåre Henning e f
rådgiver



Intergerrings-/Inkluderingsprosjekt i Hallingdal

Prosjektskisse

Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol kommune

1. BAKGRUNN

Hallingdal har ein relativt sett stor del innvandrarbefolkning (fig.1) samanlikna med tilsvarende distriktsregionar. Tala for 2008 syner at det er vel 8,2% av befolkninga som har innvandrarbakgrunn, der ca. 5% har ikkje vestleg bakgrunn.




Fig.1






Fig. 2

Hallingdal som dei fleste distriktsregionar slit med å oppretthalde folketalet (fig.2) og sjølv om me kjem noko betre ut enn tilsvarende regionar er ikkje det nokon trøyst.

Fig.3 syner at det er netto innvandring som sørgjer for Folketalet i Hallingdal ikkje har endra seg vesentleg dei siste åra.

Ei av dei største utfordringa for dei fleste kommunane i Hallingdal, i dag og i framtida vil vera å sikre nødvendig arbeidskraft. I ein slik samanheng er det viktig å sørgje for at me klarar å inkludere innvandrarbefolkninga på ein best mogeleg måte. Det er her ingen motsetnad i forhold dei forplikningar me har for integrering av innvandrarar.

Eg har førebels ikkje endeleg statistikk over kor stor del ikkje-vestlege innvandrarar som ikkje busett seg i Hallingdal, men det er grunn til å tru at desse tala er for høge.



Prosjekt Hallingdal

Kvifor Hallingdal som region

Det er svært naturleg å tenkje seg at eit "Intergerrings-/Inkluderingsprosjekt i Hallingdal", omfattar heile Hallingdal. Argumenta for dette er m.a:

- Eit omfattande regionalt samarbeid i forhold til kommunane, næringslivet og frivillige organisasjonar.
- Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.
- I forhold til inkludering av innvandrarak har kommunane mykje å lære av kvarandre.

Buskerud fylkeskommune

2. MÅL OG RAMMER

2.1 Mål

Overordna mål:

Målet med prosjektet er å utvikle best mogeleg integreringsløysingar i Hallingdal, for innvandrarak med ikkje vestleg bakgrunn.

Effekt mål:

- Bidrag til positiv befolkningsutvikling og arbeidskraft
- Bidra til at innvandrarakane får eit endå betre liv i Hallingdal.

Resultat mål:

2.2 Rammer

Prosjektet vert starta xx.xx.2009 og avslutta xx.xx.2011.

Prosjektet har ei øvre økonomisk ramme på 1 mill. kroner. I tillegg vil kommunane og andre samarbeidsaktørar måtte legge inn egne midlar og eigeninnsats i prosjektet.

3 OMFANG

Ut frå ei liten spørjeundersøking har dei ein skilde kommunane nokre samanfallande utfordringar i forhold til inkludering, medan det på nokre område kan vera noko ulikt. Eit felles prosjekt skal ha som målsetting å gjennomføre målretta tiltak utover det som ligg i fastlagte integreringstilskot.

Ut frå førebelse vurderingar er m.a. dette aktuelle tiltaksområde:

- Samordning av tiltak på tvers av kommunegrenser
- Bidra til auka sysselsetting og rekruttering av personar med innvandrarakbakgrunn
- Ekstra innsats i forhold til arbeidspraksis/praksisplassar.
 - Eigne tiltak der kommunane skal spela ein aktiv rolle.
 - Samarbeidsprosjekt med HallingExpo
- Eige prosjekt (kurs) i forhold til etableraropplæring, i samarbeid med Hallingdal Etablerersenter (erfaringsmessig er dette ei stor utfordring i dag, i forhold til definert målgruppe).

- Styrke samarbeide i mellom kommunar, frivillige organisasjonar og innvandrarak. Styrke lokalsamfunna si evne og vilje til å ta imot flyktningar.
 - I samarbeid med klubbar gjennomføre egne inkluderingsprosjekt
 - Samarbeid med "Frivillighet Norge", temakvelder om frivillig aktivitet.
 - Samarbeid med Buskerud Innvandrerråd
- Foreldresamarbeid: Forelderrolla i høve til skule og organisasjonsliv.
 - Etablere egne foreldrerettleggingsprogram
- Tiltak som kan vera med på å forsterke innvandrarak si deltaking i det friviljuge idrettsarbeidet og kulturskuletilbod.
 - Konkrete prosjekt som nyttar kulturaktivitet som metode for integrering av ungdom.

Når det gjeld tiltak bør det og vera aktuelt å ta i bruk ein del av IMDI si verktøykasse i eit slikt prosjekt. Ikkje minst kan "Mangfoldsspeilet" (<http://www.mangfoldsspeilet.no>) vera eit viktig reiskap for integrering av innvandrarak i arbeidslivet

4 ORGANISERING AV PROSJEKTET

4.2 Ansvarsforhold

Prosjekteigar:	Kommunane i Hallingdal og Buskerud fylkeskommune?
Prosjektleiar:	Ekstern prosjektleiar
Styringsgruppe:	Rådmannsutvalet i Hallingdal+Bfk?
Prosjektgruppe:	Representantar frå kommunane oppnemnt av rådmannsutvalet - NAV og KS sin rolle må klargjerast.

4.3 Andre roller og bemanning

Det vert lagt opp til 50% stilling for prosjektleiar i 2 år.

5 BESLUTNINGSPUNKT OG OPPFØLGING

5.1 Krav til beslutningspunkt

6 RISIKOANALYSE

6.1 Kritiske suksessfaktorar

7 GJENNOMFØRING

7.1 Hovudaktivitetar

7.2 Milepælar

MP-Nr	Dato	Hending	Gjennomført

7.3 Tids- og ressursplanar

7.4 Kostnader og Finansiering

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart	Beløp	Finansieringstype og kjelde	Beløp
Lønnsutgifter	500.000,-	Buskerud fylkeskommune	1.000.000,-
Kontorutgifter	50.000,-	Kommunane i Hallingdal (eigeninnsats)	500.000,-
Reiser, møter mm	50.000,-		
Konkrete tiltak	900.000,-		
Sum	1.500.000,-	Sum	1.500.000,-

I forhold til finansiering vil det og kunne vera aktuelt å søkje om midlar frå programmet "Farve" som forvaltar midlar til prosjekt innan arbeidsliv og velferd.

<http://www.nav.no/Arbeid/Inkluderende+arbeidsliv/187355.cms>

I tillegg bør KS kunne vera ein aktør.

Knut Arne Gurigard
 Dagleig leiar
 Regionrådet for Hallingdal